



Odd Helge Solberg
Keilegavlsvegen 46
5953 FONNES

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/1641 - 15/5930

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
13.03.2015

Førehandsvarsel om pålegg om retting og ilegging av tvangsmulkt - gbnr 125/56 Kjeilen.

Tiltakshavar: Odd Helge Solberg
Grunneigar: Odd Helge Solberg

Det vart i vedtak i Plan- og miljøutvalet 18.06.2014 gitt avslag på søknad om oppføring av tilbygg til bustad på gbnr 125/56 Kjeilen.

I brev av 03.09.2014 har kommunen orientert om at tiltaket må rettast opp anten ved at tiltaket vert tilbakeført/rive, eller ved at ein sender inn ny søknad om løyve til tiltak som kan godkjennast.

Ansvarleg søkjar orienterte i skriv av 28.10.2014 at tiltakshavar ønskjer å senda inn ny søknad. Kommunen sette frist for innsending til 15.01.2015. Kommunen har ikkje mottatt søknad om løyve til tiltak innan fristen.

Det oppførte tilbygget er ikkje godkjend og vert vurdert å vera oppført i strid med plan- og bygningslova.

Frist for retting

Det ulovlege tilhøvet må **rettast innan 15.04.2015.**

Retting må skje ved at tiltaket vert tilbakeført. Det vil seia at tiltaket skal rivast og avfallet leverast til godkjend mottak. Kommunen må få skriftleg underretting når arbeidet er ført tilbake. I tillegg må det sendast inn dokumentasjon/foto av at tilhøvet er retta.

Innsending av søknad i ettertid

Det er høve til å sende inn søknad om løyve innan gitt frist.

Søknaden vil bli handsama etter gjeldande plangrunnlag og regelverk. Om det vert gjeve løyve til tiltaket vil sak angående ulovlege tilhøve verta avslutta.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 1503 22 54567
Org.nr. 935 084 733



Førehandsvarsel om vedtak med pålegg om retting

Om det ulovlege tilhøvet ikkje vert retta innan fristen kan saka verta følgd opp med pålegg om retting etter pbl. § 32-3.

Det vert orientert om at dersom eit pålegg ikkje vert følgt, kan kommunen utferda førelegg etter pbl. § 32-6. Eit førelegg vil kunne få same rettsverknad som ein rettskraftig dom og fullbyrdast etter reglene for dommar. Eit førelegg kan tinglysast som hefte på eigedomen.

Førehandsvarsel om vedtak om tvangsmulkt

Om pålegg om retting ikkje vert etterkome, har bygningsstyresmakta høve til å fastsetja tvangsmulkt etter pbl. § 32-5. Vedtak om tvangsmulkt kan utferdast utan vidare varsel.

Det vert orientert om at pålegg som ikkje vert etterkommen vil kunne følgjast opp med førelegg som kan få verknad som en rettskraftig dom, jf. pbl. § 32-6.

Rett til å gje uttale

Du har rett til å gje uttale i saka. Uttale må vera sendt innan 3 veker, dvs 03.04.2015.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Ved all vidare kontakt i denne saka, ver venleg og referer til saknr.: 14/1641

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Odd Helge Solberg

Keilegavlsvegen 46 5953

FONNES